



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn til søknad om mellombels løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Nordstrandsvatnet

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Nordstrandsvatnet i Høyanger kommune.

Vi viser til høyring av søknad frå Eviny Forbybar AS om å få fråvike manøvreringsreglementet for Nordstrandsvatnet i perioden 15. april til 31. juli 2023. Nedre Svultingen kraftstasjon skal stoppast for hovudrevisjon. For å kunne oppretthalde sjølvpålagt minstevassføring på anadrom sone i vassdraget, ønskjer Eviny å kunne tappe frå Nordstrandsvatnet. Tapping av Nordstrandsvatnet kan føre til at kravet om sommar LRV ikkje vert nådd.

Vår vurdering

Vi konstaterer at tiltaket er naudsynt. Vi ventar ikkje at den mellombelse nedtappinga vil få særlege konsekvensar for fisk eller anna naturmiljø i magasinet. Å oppretthalde sjølvpålagt minstevassføring på anadrom sone er viktig.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar